



REFERAT FRÅ MEDLEMSMØTE MØRE & ROMSDAL BRANNEFALSLAG 12. MARS 2015

Stad:

Vestnes Fjordhotell.

Agenda

- Presentasjon av utstillarar
- Erfaringar gjort av Rindal/Surnadal brannvesen i etterkant av brannen i Rindal kyrkje. Kva lynnedslag kan gjere med eit bygg
- Elbil, kva gjer vi når ulykka er ute.

Før føredraga vart avtroppande leiar Jan Ove Kvernes og mangeårig styremedlem Trygve Lennavik takka for deira innsats. Det var den nye leiaren Vidar Bakke som sa nokre velvalde ord og gav ein liten gåve til kvar av dei.

Som siste oppdrag hadde Jan Ove Kvernes leiinga av medlemsmøtet og ynskja alle velkomne, og spesielt til utstillarar og foredragshaldarar. Femtifire personar var med under medlemsmøtet, og dette var medlemmar av MRBL, foredragshaldarar, ikkje-medlemmar og utstillarar.

Presentasjon av utstillarar

Kvar enkelt utstillar fekk nokre minutt til å presentere seg sjølv, firmaet og nokon prata litt om enkelte produkt:

- Tess v/Gunnar Kirkholt presenterte prata om nokre av produkta
- Dräger v/Trond Flenstad oppmoda møtedeltakarane om å stikke innom deira stand
- Albert E Olsen v/Roger Skansen og Per Atle Berge presenterte nokre produkt
- Firesafe v/Jonas S. Berg presenterte avdelingane i Møre og Romsdal
- Miele Professionals v/Per Erik Gjelstad informerte om dykkar system for vask av brannkle og utstyr
- Fosnavåg Notbøteri v/Børge Berstad presenterte produkt innan brann- og redning, samt Maritime miljø
- Kwintet/Wenaas 112 v/Erlend Bratberg presenterte produkt, og framheva deira kolleksjon av brann- og feiarkle
- Brannvernsservice v/Tor Isaksen presenterte det firmaet (Tor Isaksen er ny i firmaet og kommer frå Wilhelmsen Shipsservice). Isaksen ytra ønske om å kome rundt til brannverna i fylket.

Erfaringar gjort av Rindal/Surnadal brannvesen i etterkant av brannen i Rindal Kyrkje. Kva lynnedslag kan gjere med eit bygg

Brannsjef i Rindal og Surnadal Tor Arne Moen helde foredraget. Datoen for brannen var om natta den 27.09.14. Forsamlinga fekk sjå bilete og høyre brannsjefen prate om kva dei opplevde og gjorde. Nokre av tema under foredraget var:

- Det var ingen personar inne i kyrkja då første brannvesen kom fram, og det var meld om markant svovellukt
- Femti personar frå tre brannstasjonar var med på aksjonen. Då brannsjefen kom fram såg han flammor kome opp av tårnet
- Mannskapa klarte ikkje å sløkkje innvendig, med bakgrunn i at tårnet var spiss og trangt. Vatnet kom ikkje fram til brannen på grunn av det utfordrande arbeidsmiljøet
- Løysinga var å kalle inne kran med korg frå eit privat firma. På krana var eit strålerøyr bunden fast og teke opp til den delen av tårnet som brann. Målet vart å drukne tårnet, så mykje vatn vart brukt på kort tid. Ein mann var med opp i krana



- Dei største farane med brannen var spreiring og nedfall. Under aksjonen fall spiret ned, og heile det to meter lange «spydet» grov seg ned i grusgangen ved kyrkja. Tor Arne Moen sa at det berre var flaks at ingen vart skada, fordi dei ikkje tenkte på moglegheita for at spiret skulle falle ned
- Korleis kunne brannen starte, når det har lynavleiar? Sjølvle lynavleiaren var ein falsk tryggleik, og hadde nesten ingen misjon. Lynet har følgd fuktigheita i treverket (kledninga) og kopparrør til kopplingsboksen. Dermed kunne lynet få herje fritt inne i kyrkjebygget. Det vart vist bilete av korleis straum og spikar kan danne små gasseksplasjonar, og dette førte til at kledninga hadde skjøve på seg. Det var også vist svartsvidde og øydelagde straumleiingar og –komponentar inne i kyrkjebygget
- Ein ekspert på lyn, som i etterkant av brannen har fått sjå på kyrkja, sa blant anna at eit «Faredays bur» er det einaste som hadde hjelpt.

Lunsj

Det vart servert i tradisjon tro ball, samt krokanis og frukt til dessert.

Elbil, kva gjer vi når ulykka er ute

Finn Kjetil Viken frå brannvernet på Fræna hadde foredraget, og prata om miljøbilar. Dette er reine elbilar og hybridbilar, samt køyrety som går på ulike formar for brennbar gass. Tema for foredraget har vore:

- Opplæring – i Noreg har det vore lite eller ingenting
- Tal på bilar i Møre og Romsdal – meir og meir populært med elbilar
- Spesielle utfordringar med elbilar:
 - Giftstoffar i batteri
 - Nokre av batteria er også miljøfarleg, samt brann- og eksplosjonsfarleg
- Det vart vist filmar av korleis batteri i elbilar kan ta fyr, samt ein brann i ein Tesla (frå USA). Elbilar har system som gjer at flammene går vekk frå kupeen. Filmen viste at den fungerte på Teslaen
- Det har vore gjort testar med omsyn til sløkking av el-bilar. Dette er vanskeleg, blant anna på grunn av batteripakkane. Kan ein la den brenn ut kontrollert, så gjer ein det. Uansett må ein rekne med å bruke mykje vatn
- Det vart vist til ein amerikansk opplæringsfilm med omsyn til hurtigfrigjering av ein person i ein elbil. I USA har det vore hjelpemannskap som er vorte skada fordi bilen plutselig har starta med å rulle (er bilnøkkel teke ut og bort, og bør ein ta kiler under bilen slik at bilen ikkje kan rulle?). Mannskap som skal jobbe rundt ein elbil/hybrid bør ha på seg spesialhanskar som tåler minimum 1 000 volt (fleire brannvern har allereie kjøpt inn slike hanskar)
- Diverre er det ikkje noko standardisert system på bilane, så dei ulike biltypane har ulik plassering av hovudkabel, plassering av batteri, klippesonar, etc. Kvar elbil har eit eige sikkerheitskort. Stor fordel om dei på skadestaden har tilgang på desse. På korta står det blant anna kor hovudstraumkabelen er, slik at bilen kan verte gjort straumlaus (NB! For fleire bilar kan det ta opp til ti minutt, etter å ha kutta kabelen, før det er trygt å ta på bilen). På korta vert det også vist til klippesonar.
- 110-sentralen kunne informere om at dei vil kjøpe eit system («Crash Recovery») som har slike kort, og som vert oppdatert med jamne mellomrom.

Til slutt kunne dei som ville sjå nærmare på ein elbil sjå ein e-Golf på parkeringsplassen. Det var også moglegheit å ta med seg sikkerheitskortet for bilen.

Ulsteinvik, 18.03.15

William B. Ekeli
referent